

Tabell 3-k

Anslag på frie inntekter i 2023 for kommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for kommunane frå 2022 til 2023. Som frie inntekter reknar ein skatt på inntekt, formue og naturressursskatt, samt rammetilskot. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren i 2022–2023 er anslått til 3,7 prosent.

Veksten i frie inntekter frå 2022 til 2023 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2022 i statsbudsjettet for 2023. Skatteinntektene for kommunane i 2023 er anslått til 217,5 mrd. kroner, inkludert skatt på inntekt og formue, naturressursskatt og eigedomsskatt o.a. For kommunane er veksten i frie inntekter frå 2022 til 2023, berekna ut ifrå anslag på rekneskap, nominelt 3,5 prosent. I tabell 3-k er ikkje eigedomsskatt o.a. inkluderte for kvar ein skilde kommune og summerte for kvart fylke, men inngår berre på landsnivå.

I siste avsnitt før skildringa av dei ein skilde kolonnane gis det ein eigen skildring av særskilte høve når det gjeld skatteinntekter i 2022. I avsnittet under følger hovudprinsippa for berekning av anslaget på frie inntekter i 2023 og veksten frå 2022-2023.

Om skatteinntektene

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten i frie inntekter. Samla skatteinntekter for kommunane i 2022 og 2023 blir anslått av Finansdepartementet i statsbudsjettet for 2022. For å anslå skatteinntektene for kvar kommune tek ein utgangspunkt i skatt per innbyggjar i kommunen i 2021, framskrive med innbyggjartalet i 2022. Ut ifrå skatt i 2022 framskriven med innbyggjartal for 2022, blir det rekna ut kva prosentdel som kvar kommune får av berekna samla skatt. Denne prosentdelen blir nytta vidare til å fordele samla skatteanslag på inntekt og formue mellom kommunane både for 2022 og 2023. Dette trekkjer i retning av at kommunar som har høgare vekst i talet på innbyggjarar enn landsgjennomsnittet frå 2022 til 2023, får høgare vekst i skatteinntektene enn det som følgjer av føresetnadene for berekninga. Det motsette kan vere tilfellet for kommunar med svakare vekst i talet på innbyggjarar enn gjennomsnittet for landet. Skatteutjamninga for 2023 tek òg utgangspunkt i innbyggjartalet per 1. januar 2023.

Anslag på skatteutjamning er inkludert i skatteanslaget. For 2022 og 2023 er utjamninga i skatteinntektene for kommunane 60 prosent. Kommunar med skatteinntekter under 90 prosent av landsgjennomsnittet får ein tilleggskompensasjon som blir finansiert av alle kommunar med eit likt trekk per innbyggjar. I utrekninga blir naturressursskatten halden konstant, med tal frå inntektsåret 2020.

Om rammetilskotet

Tala for rammetilskot 2022 er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2022.

Rammetilskotet for 2023 er vist i tabell 1-k. Dei kommunevise anslaga på frie inntekter i 2022 og 2023 inkluderer ikkje ufordelte skjønsmidlar. Dei ufordelte skjønsmidlane er inkluderte i alle summar for fylkar. Den berekna veksten på fylkesnivå inkluderer

derfor dei ufordelte skjønsmidlane i 2022 og 2023, medan dette ikkje er tilfelle på kommunenivå.

For å gjere tala samanliknbare blir frie inntekter for 2022 korrigererte for eventuelle oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2023. I tillegg er nivået på dei frie inntektene i 2022 korrigert for ekstraordinære løyvingar som følgje av virusutbrotet (covid-19). I 2022 er summen av alle korrigeringar 9,8 mrd. 2022-kroner. Korreksjonane er viste i innleiinga til Grønt hefte. Korreksjonar på kommunenivå er i hovudsak gjort etter kostnadsnøkkelen, med unntak av korreksjonar for saker som blir eller vart fordelte med ei særskild fordeling på post 60 *Innbyggjartilskot* i revidert nasjonalbudsjett eller tidlegare (kompensasjon for barnevernsreforma, avvikling av forsøket med Færder og Alta, meirutgifter til sosialhjelp pga. høge straumpisar i 2022, gratis barnehage til kommunar i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms frå 1. august 2023 og koronatiltak i 2022).

Det er ikkje korrigert for satsingar innanfor veksten i frie inntekter utover dette.

Særskilte høve når det gjeld skatteinntekter i 2022 og trekk i rammetilskotet for kommunar med konsesjonskraftinntekter

I 2022 er det berekna ei særskilt skatteauke på 11,4 mrd. kroner som ikkje førast vidare til 2023. Dette er ein eigen korreksjon. Denne auka er knytt til skatt på utbytter i 2021, og av dei berekna skatteinntektene på 227,5 mrd. kroner i 2022 er 11,4 mrd. kroner fordelt etter berekna skatteinntekter i 2022 frå utbytter i 2021, før skatteutjamning. Anslaga på resten av skatteinntektene i 2022 og samla skatteutjamning følger prosedyren i avsnittet innleiingsvis. Som følgje av dei ekstraordinære skatteinntektene i 2022, vart kommunane trekt 9,7 mrd. kroner i rammetilskotet, og dette er ein eigen korreksjon i korreksjonslista for 2023. For å få riktig samla korreksjon for den ekstraordinære skatteauken og trekket i rammetilskot er differansen mellom korreksjonen på 9,67 mrd. kroner og 11,4 mrd. kroner i ekstra skatteinntekter, dvs. - 1,73 mrd. kroner, korrigert med kostnadsnøkkelen på same måte som dei fleste andre korrigeringane.

I 2023 er det lagt opp til eit trekk i samla rammetilskot for kommunar på 2,2 mrd. kroner for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter. Fordelinga mellom kommunane er ikkje kjent. Trekket er midlertidig for 2023 og vil ikkje påverka berekna samla vekst for kommunane. Samstundes korrigeres trekket ut også for heile landet, og påverkar dermed heller ikkje berekna vekst for heile landet. Kommunar som blir trekte vil likevel oppleve dette som ein reell nedgang i frie inntekter.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2022

Kolonne 1 viser anslag på rekneskap for frie inntekter i 2022. Anslag på rammetilskotet til kommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2022. I rammetilskotet er ekstraordinære løyvingane til koronatiltak på post 60 *Innbyggjartilskot* inkluderte. Dei ekstraordinære løyvingane til koronatiltak og naturskade på post 64 *Skjønstilskot* er inkluderte på landsnivå, men ikkje på fylkes- og kommunenivå. Skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2022 i statsbudsjettet for 2023, med lik vekst for alle kommunar og innbyggjartal per 1.1.2022.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2022

Frie inntekter i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigeret for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Dei ekstraordinære løyvingane til koronatiltak er ikkje inkluderte i tala. Det er teke utgangspunkt i det same skatteanslaget som i kolonne 1. Korrigeringar som gjeld oppgåveendringane, er nærare omtalte i tabell B-k og C-k.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2023

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2023. Anslag på rammetilskotet til kommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 8 i tabell 1-k. Ved berekninga av anslaget på skatteinntektene til kommunane, har departementet teke utgangspunkt i kommunane sine skatteinntekter i 2021. Desse er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2022 og 2023 i statsbudsjettet for 2023 og innbyggjartal per 1.1.2022. Skatteanslaget for kvar kommune er deretter lagt til grunn for utrekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigeret vekst frå 2022 til 2023

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigeret vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2022 til 2023 for kvar kommune i 1 000 kroner (kol. 3 – kol. 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigeret vekst i prosent frå 2022 til 2023

Kolonne 5 viser prosentvis nominell oppgåvekorrigeret vekst frå anslag på rekneskap 2022 til 2023.